

Statens barnehus

Familiemøte



Familiemøte på barnehuset

Du er invitert til eit informasjonsmøte på barnehuset, der barnet ditt har vore til forhøyr hos politiet.



Kvifor møte på barnehuset?

Vi ønskjer å gi deg informasjon om kva som har skjedd med barnet ditt i dag, før de møtest og fer heim saman. Det kan også vere viktig for deg å sjå kor barnet ditt har vore, og kven det har møtt.

Vi veit at det å kome til barnehuset og bli forhøyr kan vere stressande både for barn og vaksne. Difor vil vi sørkje for å gi dykk god informasjon, slik at de som familie kan forstå og handtere situasjonen på ein best mogleg måte.



Kva skal du gjere på barnehuset?

- Du får vite korleis dagen har vore, korleis barnet ditt kan ha hatt det gjennom dagen og kven som har følgd barnet dit hit
- Du får ei oversikt over kven som har vore involvert i saka
- Du får rettleiing og råd om korleis du kan møte barnet ditt etter forhøyret
- Du får kontaktinformasjon til alle som er involverte i saka, og kan gjere vidare avtalar med barneverntenesta og barnehuset

Kven skal du møte?

- Etterforskar frå politiet
- Sakshandsamar frå barneverntenesta
- Tilsette frå barnehuset



Kva skjer når du kjem til barnehuset?

Når du kjem til barnehuset, møter du etterforskar, tilsette frå barnehuset og tilsette frå barneverntenesta. Først får du informasjon frå politietterforskaren. Når informasjonen er gitt, går etterforskaren frå møtet.

Barneverntenesta og barnehuset fortel deretter litt om dagen som har vore, og korleis barnet ditt kan ha hatt det.

Barn har av og til ønskje om korleis det skal vere i familien etter eit forhøyr. Barneverntenesta og barnehuset går litt inn på kva barnet ditt har sagt, og viss det er behov for det, kan de leggje ein plan for kva som skal skje når de kjem heim.

Etter samtalen med barneverntenesta og barnehuset, går du til barnet ditt, som oppheld seg på eit eige venterom. Du får då sjå meir av barnehuset.

Til slutt held vi eit felles avrundingsmøte med barnet, deg som forelder, barneverntenesta og barnehuset. Etter avrundingsmøtet, kan de reise heim.



Kontaktinformasjon:

Etterforskar:	
Barneverntjenesta:	
Statens Barnehus:	



POLITIET



STATENS BARNEHUS
Et tverrfaglig kompetansehus